



Anleggsferja Flekkerøy frakta i dag hogstmaskinar til Ånuglo

Anleggsferja Flekkerøy vart godt lasta då ho var til kai på Børnes i dag. Lasta var svære hogstmaskinar som skulle fraktast til Ånuglo der det skal takast ut mykje tømmer. Vidar Koløy har sendt oss ein biletserie frå operasjonen då maskinane vart lasta ombord i ferja.

Ånuglo er perle i nærmiljøet vårt, og den er mykje nytta til rekreasjon, også av uskedelinger. Vidar Koløy fortel at det no er planen å ta ut ca 10000 kubikkmeter gran på øyane der for å få tilbake den naturlege faunaen der. Tømmeret skal skipast med båt derifrå og til mottakarar i Noreg og på kontinentet.















Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Vidar Koløy